



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

KUNNGJERINGAR

■ BUDSJETT 2016: ALMINNELEG ETTERSYN

Budsjett for 2016 vert lagt ut til alminneleg ettersyn på desse stadane:

Meland bibliotek, Rosslund bibliotek og i resepsjonen på rådhuset, Frekhaug i tida 02.12.15 – 16.12.15

Kommunestyret skal vedta budsjettet for 2016 i møtet onsdag 16.12.15.

Møtet vert i kommunestyresalen kl. 17.00.

SPØRJETIME 25. NOVEMBER

Det blir spørjetime i kommunestyret onsdag 25.11, kl 17.00, i Meland rådhus. Dei som ønskjer utfyllande svar må melde spørsmåla skriftleg til ordførar seinast måndag 23.11, kl 17.00.

Spørsmål kan sendast til postmottak@meland.kommune.no eller til Meland kommune, Pb 79, 5906 Frekhaug.

■ Frivilligsentralen

Julegåver som gleder! Vil du vera med å gi ei julegåve til barn i familiar som er dårleg økonomisk stilt? Julegåver med mykje omtanke varmar ekstra godt i juletida.

Gåvene er til barn mellom 0-20 år. Julegåvene skal vera nye og merka med alder og kjønn (eks: Gut, 10-13 år) og leggast under juletreet i gamle Rema 1000 bygget 1.- 15. desember (10-17 /10-15). Frivilligsentralen i Meland sørger for at gåvene blir levert ut til familiane på ein god måte.

Jul for alle!

Har du barn mellom 0-20 år og er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, er du hjarteleg velkommen til å melde deg som mottakar av gåve til barna. Send ein mail til: frivilligsentralen@meland.kommune.no eller ring Frivilligsentralen på tlf. 56 17 10 66. Alt vi treng å vite er alder på barna, kjønn og adresse for levering. Frist for innmelding av behov: 15. desember. Alle henvendelsar blir behandla konfidensielt!

Arr.: Frivillige, Besøkstenesta, Frivilligsentralen

FRIVILLIGFORUM

Onsdag 18. november kl.18.00 i Sparebanken Vest sine tidlegare lokale inviterer tenestområdet Kultur og Frivilligsentralen til Frivilligforum for alle lag, organisasjonar og vellag i Meland kommune! Har ditt lag noko de ønskjer å ta opp i forumet, ta kontakt: frivilligsentralen@meland.kommune.no

Program:

Informasjon frå Kultur og Frivilligsentralen
Vi får høyre litt om desse aktivitetane:

* Flyktningefadderar

* Ganglagje

* Stiar i Meland- ei løypemelding

* Fløksand bygdslag

Myldring, kaffi, te og litt å bita!

Etter frivilligforum kan dei som vil høyre samfunnsplanleggjar Kristin Nådald gje ein presentasjon av planarbeidet for Midtmarka/Rotemyra på Flatøy, der det og vert ein uformell innspelsrunde for lag og organisasjonar. Velkommen!

Dataklubb for pensjonistar

Klubben er for deg som vil læra litt meir om data og for deg som vil dela det du kan med andre. Ein treffstad der du kan øva deg på å bruke data.

Stad: Eldresenteret på Frekhaug

Tid: Torsdagar kl. 12-14

Ta med eigen maskin om du har. Vi har nokon til utlån.

Arr.: Meland Helselag, Frivilligsentralen

TILTAK MOT BARNEFATTIGDOM

Bufdir utlyser prosjektmidlar til tiltak i regi av frivillige lag og organisasjonar.

Sjå utlysningstekst:

http://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Barnefattigdom/ eller ta kontakt med Meland Frivilligsentral (56171066) for meir informasjon.

Søknadsfrist 20. november.

■ Meland kulturskule

Ledige plassar på teater:

Ungdomsteatergruppa (8. klasse og eldre) i Meland kulturskule er i gong med å førebu «Frozen» - framsyning og har plass til fleire skodespelarspirer. Velkomen til oss! Undervisninga finn stad i godt tilrettelagde lokale i kultursalen i Meland Aktiv måndagar kl. 18.45 – 20.30, søknadsskjema på www.meland.kommune.no. Ta gjerne kontakt med kulturskulen på 56 17 10 64. Eigendel for elevplass i kulturskulen er kr. 1.650,- per semester (kr. 3.300,- i året). Vi har 25%/50% søskenrabatt.

■ Spesialveke i Meland kulturskule

Frå 16. november er det tid for spesialveke i Meland kulturskule. Denne veka får alle elevane våre ei anna, men like viktig opplæring som ordinær undervisning - i kunsten å opptre. Spesialveka har vore eit mål å arbeide mot, både med undervisning og heimeøving. Vi gler oss alle til å vise kva vi har jobba med! 16. – 20. november vert det arrangement kvar ettermiddag og kveld i kultursalen i Meland Aktiv. Alle er hjarteleg velkomen. Gratis inngang på alle arrangement.

■ Meland bibliotek

Eventyrstund: tysdag 1. desember kl.10.30 – 11.00.

Bok- og Strikkekafe: 10. og 24. november kl.12.00 – 14.00. Ta med handarbeidet og kom! Biblioteket presenterer bøker. Servering: kaffi/te.

Utstilling: 7. november kl.14.00 opnar utstillinga Naturgleder collager av Anne Rieber, elevar frå Meland kulturskule deltek. Alle velkomne! Utstillinga er ei salsutstilling og inntektene går til Meland kulturskule.

Nordhordland Litterære Selskap har møte på Lindås bibliotek torsdag 12. november, kl.19.00. Vi samtalar om boka: Elizabeth er borte. Har du lyst til å vere med? Ta kontakt med biblioteka. Alle er velkomne!

Forfattarmøte: Jørn Lier Horst kjem til Meland bibliotek 7. desember, kl.19.00. Jørn Lier Horst har skreva bøker for barn og vaksne, men er mest kjend for krimforteljingane om politietterforskarer William Wisting frå Larvik politikammer. Velkomne!

Nytt tilbod!

Språkkafe: Meland bibliotek og Meland Frivilligsentral inviterar til språkkafe laurdag 14. november, 28. novem-

ber og 12. desember kl.11.00 – 12.30 på biblioteket. Vil du øve deg på å snakke norsk? Eller kjenner du til nokon som kunne ha lyst til dette? Vi snakkar om daglegdagse tema og frivillige leiar samtalen. Alle er velkomne!

■ Planmelding november 2015

1. Oppstart av planendring

Områdeplan for Frekhaug senter – planID 1256 2010 0004.

Formannskapet i Meland har i møte 20.05.2015, saksnr 59/2015, prioritert at kommunen skal starte eit arbeid med revisjon av områdeplanen for Frekhaug sentrum. Formålet er å avklare tema kring byggjehøgder samt justering av føresegner.

Meir informasjon om endringa er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, i digitalt planarkiv BRAPLAN, og er vidare å finne på heimesida til kommunen under Plan- og reguleringssaker, Kunngjeringar/ Planmeldingar. Godkjente reguleringsplanar er å finne i BRAPLAN på www.meland.kommune.no. Velg Meland kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk. Grunneigarar vert varsla direkte i eige brev.

Merknader eller innspel må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune v/Plan, utbygging og kommunalteknikk, Pb 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til postmottak@meland.kommune.no Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er **16.12.2015**.

Oppstart av endring er gjort i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-14.

LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgaver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

Meland sjukeheim

Kokk/institusjonskokk – 100% fast stilling

Sjukepleiar – 80% vikariat

Sjukepleiar – 60% vikariat

Helsefagarbeidar – 58% vikariat

Ledige helgestillingar – sjukepleiarar og helsefagarbeidar

Marihøna barnehage

Pedagogisk leiar – 100% vikariat

Sagstad skule

Barne- og ungdomsarbeidar/Assistent – 64% vikariat

Søknadsfrist 22.11.15

OPNE MØTE november / desember 2015

	Dato	Kl.	Møtestad
Utval for levekår	Tysdag 03.11	16:00	Formannskapsalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag 03.11	16:00	Kantina
Formannskapet	Onsdag 04.11	09:00	Formannskapsalen
Formannskapet - Budsjettkonferanse	12. og 13. 11	10:00	Panorama Konferansehotell, Steinsland
Kommunestyret	Onsdag 25.11	17:00	Kantina
Formannskapet	Onsdag 02.12	Etter møte	
		i Adm.utval. som startar kl. 09:00	Formannskapsalen

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommunelova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no